



Skjervheimseminaret 2020

BLINDSONER

FREDAG 11. SEPTEMBER

- 19.00 Opning
- 19.05 **Øyvind Østerud:** Skjervheimførelesinga 2020:
Er demokratiet og den offentlige samtalen i krise?
- 20.00 Ordskifte
- 20.30 Middag


LAURDAG 12. SEPTEMBER

- 09.00 Morgonopning: Musikk ved Dagny Lindgren
- 09.10 **Ebba Boye:**
Blindsoner i økonomifaget – og behovet for kritisk reformasjon
- 09.45 **Marie Storli:** Vekstparadigme og alternative
økonomiske modeller i møte med klimakrisa
- 10.20 Kaffipause
- 10.50–12.00 Ordskifte
- 12.00–16.00 Lunsjpause. Sjå eige ark om museumsbesøk og tur-alternativ
- 15.00–16.00 Kaffi og lappar
- 16.00 **Kristoffer Chelsom Vogt:** Blindsoner i utdanningspolitikken
– løsnings som skaper nye problem
- 16.35–17.45 Ordskifte
- 19.00 Aperitiff
- 19.30 **Fliflet/Hamre gir alt!** Konsert med Gabriel Fliflet og Ole Hamre
- 20.30 Festmiddag

SUNDAG 13. SEPTEMBER

- 09.00 Morgonopning: Song ved Ellen Marie Selland Geithung.
- 09.10 **Julie Wilhelmsen:** Fortellinger om den andre
– konflikteskalerende eller fundament for sameksistens?
- 09.45 Kaffipause
- 10.00–11.30 Ordskifte
- 11.30 **Utdeling av Skjervheimprisen 2020**
- 12.00–14.00 Lunsj

Føredragshaldar og musikarar:




Øyvind Østerud er professor i statsvitskap ved UiO og har internasjonale konfliktstudier som spesialområde. Han har mellom anna forska på og skrive om demokrati, styreform og regimeendring. Han var også leiar for makt- og demokratiutreiinga i 1998–2003. I sitt føredrag vil han snakka om demokratiet og den offentlege samtalen si stilling i den noverande internasjonale krisa.



Ebba Boye er samfunnsøkonom og tidlegare leiar for Rethinking Economics Norge. Ho arbeider også som skribent og føredragshaldar, har m.a. hatt fast økonomispalte i Klassekampen. I sitt føredrag skal ho snakka om behovet for fornying i økonomifaget. Ho vil visa døme på at økonomifaget i lang tid har synt manglande vilje til å tenkja kritisk om innarbeida teoriar i tider med nye utfordringar, som t.d. finanskrisa i 2008, klimakrisa og ikkje minst korona-pandemien.



Marie Storli er leiar i Rethinking Economics Norge, og er utdanna samfunnsøkonom med spesialisering i miljøøkonomi ved Universitetet i Oslo. I sitt føredrag vil ho snakka om blindsoner i økonomifaget si forståing av natur og presentere alternative tilnærmingar til klimakrisa, og andre globale miljøproblem som ikkje kan løysast innanfor vekstparadgimet.



Kristoffer Chelsom Vogt er førsteamanuensis ved sosiologisk institutt ved UiB, og har forskapå praktisk orienterte ungdomars sine vegar gjennom utdanningssystemet, og kva tyding sosial bakgrunn, familie og kjønn har for livsløp i arbeidslivet. Han er ein aktiv samfunnsdebattant, og han var medlem av Ungidag-utvalet, som i 2019 leverte ein NOU om likestillingsutfordringar. På seminaret skal han snakka om uheldige konsekvensar av deler av utdanningspolitikken, og knyta dette til korleis ulike typar kunnskap og arbeid er verdsett.



Julie Wilhelmsen er seniorforskar ved NUPI, og ho er statsvitar med kritiske sikkerheitsstudie som spesialområde. Ho forskar på russisk utanriks- og sikkerheitspolitikk, inkludert utviklinga i Nord-Kaukasus. I 2014–15 var ho med i regjeringa si ekspertgruppe om forsvaret av Noreg. Ho er ein aktiv deltakar i den offentlege debatten om internasjonal politikk.



Gabriel Fliflet og Ole Hamre skal ha konsert på tampen av seminardagen på laurdag. Dei folkekjære bergensmusikarane har ei særmerkt blanding av tradisjonell og moderne musikk, full av liv og kreativitet. På Skjervheimseminaret gir dei alt!